



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1907 - 14/15558

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2014

Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av felles avlaupsreinseanlegg - gbnr 175/10 og 175/8,14,24 Skår.

Administrativt vedtak. Saknr: 137/14

Tiltakshavar: Even Gausereide
Stig Hofstad
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avlaupsreinseanlegg for 2 fritidseigedomar på gbnr 175/10 og 175/8,14,24. Anlegget skal plasserast på gbnr 175/10 og avlaupsleidningen frå anlegget vert ført til kistegrøft på gbnr 175/1.

Det er gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 07.07..2014.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak motteke 27.02.2014 og søknad om dispensasjon motteke 29.04.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 25.03.2014 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Søknad om dispensasjon.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 29.04.2014.

Retta søknad om ansvarsrett frå føretaket Terje Økland vart etterspurd og mottatt 30.06.2014.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Ansvarleg s kjar og andre involverte f retak m  registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for   unng  gjentaking.

S knaden var komplett og klar for handsaming den 30.06.2014. Det er ikkje lovfesta tidsfrist for handsaming av saker som krev dispensasjon fr  gjeldande plangrunnlag etter pbl.   21-7.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-f rem l. Tiltaket er ikkje i samsvar med arealf rem let og krev f lgjeleg dispensasjon.

Dispensasjon

Det er s kt dispensasjon med slik grunngjeving:

S ker herved dispensasjon fra reguleringsplanen da hytten ligger i området LNF, for   installere og koble seg til renseanlegg. Gar nr 175 bruk nr 10 ved Even Gausereide  nsker i sammen med gar nr 175 bruk nr 8,14,24 ved Stig Hofstad   installere vannklosett tilkoblet renseanlegg i sine hytter. Dette er to forholdsvis gamle hytter der det har vert installert snurretoalett, som en del av utviklingen i samfunnet ellers  nsker vi   oppgradere hyttene med vannklosett, og ser at dette tiltaket kan  ke interessen til   bruke hytten mer.   installere et moderne renseanlegg som er installert korrekt med utslepp til bekk eller hel rs veit, samtidig som dette blir kontrollert  rlig av en service mann, ses p  av fagfolk som et reinslig og milj  sikkert alternativ. Det er i de siste  rene blitt montert en rekke slike anlegg i n romr det og i lignende omr der ellers. Vi ser derfor at fordelene i denne saken er vesentlig st rre ved   gi dispensasjon enn ulempene.

Uttale fr  anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale fr  anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at s knad om dispensasjon p  grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast p  h yring til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland f r vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl.   21-3.

Det ligg ikkje f re merknader fr  nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.11.2013.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilk r som m  vere oppfylt for   gje dispensasjon etter pbl.   19-2.

For det f rste m  dei omsyna som ligg bak f resegna det dispenserast i fr  ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre m  fordelane ved   gje dispensasjon vere klart st rre enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av avlaupsanlegg for 2 bebygde fritidseigedomar. Etablering av avlaupsreinseanlegget vil etter administrasjonen sitt syn ikkje har vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eigedomane. Sjølvre reinseanlegget skal plasserast på gbnr 175/10 som er bebygd med fritidsbustad og tilhøyrande anlegg. Avlaupsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket Stendal VVS AS, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK), for tiltaket.** Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

Føretaket Stendal VVS AS, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som **prosjekterande (PRO)** og **utførande (UTF)** for montering av reinseanlegget.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

Føretaket Terje Økland, org.nr. 887147582, har søkt ansvarsrett som **prosjekterande (PRO)** og **utførande UTF)** for graving - grøft og minireinseanlegg

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (kommuneplanen) for etablering av avlaupsanlegg for gbnr 175/10 og 175/8,14,24 slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg for gbnr 175/10 og 175/8,14,24 i samsvar med søknad mottatt 28.02.2014 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.11.2013 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 07.07.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Ansvarleg søkar
PRO	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Montering av reinseanlegg
PRO	Terje Økland	887147581	L	1	Graving av grøft og reinseanlegg
UTF	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Montering av reinseanlegg
UTF	Terje Økland	887147581	L	1	Graving av grøft og reinseanlegg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1907.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
C.1.1	Bruk av kartbasis	1	Kr 500,-
C.4.1	Dispensasjon frå ei enkel føresegn gitt i eller i medhald av pbl	1	Kr 7 900,-
C.5.2k	VA-anlegg inntil 2 bueiningar	1	Kr 3 700,-
C.5.31	Lokal godkjenning av føretak med ansvarsrett	1	Kr 2 500,-
C.5.32	Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	1	Kr 1 050,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 15 650,-

Fakturaen vert delt mellom tiltakshavarane.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Even Gausereide	Nesbrekka 88	5912	SEIM
Stig Hofstad	Krohnegården 176	5146	FYLLINGSDALEN

Mottakarar:
Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND